

Fra: Eidfjord Næringslag (eidfjordnaringslag@gmail.com)

Sendt: 09.04.2021 19:56:14

Til: knut.arild.hareide@sd.dep.no

Kopi: firmapost@vegvesen.no; Vestland fylkeskommune; post@viken.no; firmapost@nho.no; postmottak@bergen.kommune; firmapost@bergen-chamber.no; Eidfjord kommune

Emne: KVU/KS1 for Rv.7, Hardangervidda. Behov for slutthandsaming og vedtak om konsept K2.

Vedlegg: Transportanalyse_Rv7_260319.pdf;Transportutgreiing for Rv.7 Hopen-Norconsult, 2019.pdf

Til Samferdselsminister

Knut Arild Hareide

knut.arild.hareide@sd.dep.no

KVU/KS1 for Rv.7, Hardangervidda. Behov for slutthandsaming og vedtak om konsept K2.

I ei pressemelding av 5.4.2017 vart regjeringa sitt endelege standpunkt for vegsambanda aust-vest avklara. Regjeringa går inn for å ha fleire hovudvegar aust-vest, med ei funksjonsdeling mellom Rv.7, Rv.52 og E16. Vedtaket er seinare forankra i Nasjonal transportplan 2018-29 (NTP) gjennom Stortingsmelding nr. 33, 2016/2017, sjå Vedlegg 1 på neste side.

Stortinget har med dette vedtatt ei satsing på E134 som ein av hovudvegane mellom aust og vest, og ei funksjonsdeling mellom Rv.52 og Rv.7 som dei to andre hovudvegane:

- Rv.52 skal vere hovudvegsamband for næringstrafikk mellom aust og vest.
- Rv.7 er den kortaste vegen mellom Oslo og Bergen og har status som nasjonal turistveg. Rv.7 skal utviklast som hovudveg for reiseliv og persontransport, samstundes som omsynet til villreinen skal ivaretakast.

Regjeringa har ved handsaming av aust- vest utgreiingane, lagt næringspolitisk og regional kunnskap til grunn for val om å satse på tre viktige samband mellom Aust- og Vestlandet. Stortingets vedtak om funksjonsdeling er viktig for næringsliv, busettnad og regional utvikling og satsinga bør prioriterast. Utvikling av vintersikre vegsamband aust-vest vil gje redusert reisetid, lågare transportkostnader, meir trafikksikre vegar, reduserte Co2-utslepp og ivaretar omsynet til naturverdiar som t.d. villreinen. Utbygging av E134, Rv.52 og E16 for næringstransport / tungtrafikk, i kombinasjon med utvikling av Rv.7 over Hardangervidda for person- og turisttrafikk, framstår som ein kunnskapsbasert og heilskapleg vegpolitikk. Strategien er forankra i behovet for regional utvikling i eit stort geografisk område i fastlands Norge, med kjende preferansar til trafikantane sine val av reiseruter.

Rv.7 har hatt sterkt trafikkutvikling dei siste åra og i ny transportutgreiing for Rv.7 (Hopen/Norconsult 2019) går det fram at funksjonsdelingsvedtaket vil gje stor, framtidig trafikkauke langs Rv.7, samanlikna med dei andre aust-vest sambanda:

Stortingshandsaminga av Nasjonal transportplan 2018-29 resulterte i eit vedtak som forpliktar med omsyn til planmessige avklaringar, jfr. siste avsnitt i utdrag frå St. meldinga, sjå Vedlegg 1:

«Etter at KS1 er gjennomført vil regjeringen ta stilling til ambisjonsnivå for videre planlegging av utbedringer på strekningen over Hardangervidda. Før det settes i gang videre planlegging etter plan- og bygningsloven vil regjeringen frem mot neste Nasjonal transportplan arbeide videre med et helhetlig forslag til ambisjonsnivå og prioritieringsrekkefølge for den videre planleggingen av tiltak på rv 52 og rv 7.»»

For å følgje opp dette vedtaket, og for at vidare utvikling av Rv.7 skal kunne vurderast i samband med rulleringa av Nasjonal transportplan i 2022-33, er det avgjerande med snarleg avklaring av utbyggingskonsept gjennom regjeringsvedtak av KVU for Rv.7 over Hardangervidda.

KVU for Rv.7 over Hardangervidda og andre utgreiingar slår fast at det er behov for å vidareutvikle Rv.7 for å betre vinterregularitet, trafikktryggleik og tilhøva for villrein. Statens vegvesen har rangert utbygging av korte tunnelar, konsept K2 som beste løysing. KVU'en vart utarbeidd i 2015, og Statens vegvesen sin tilråding av konsept K2 kom samstundes med at vegetaten tilrådde å satse på E134 og Rv.52 som dei to prioriterte vefsambanda aust-vest. Etter dette har Stortinget vedtatt at også Rv.7 skal vere ein av hovudvegane aust-vest – og dette forsterkar behovet for vidareutvikling av Rv.7.

Det er over 2 år sidan KS1-rapporten for KVU Rv.7 Hardangervidda vart lagt fram. Det hastar med å få slutthandsama KVU'en, med vedtak som opnar for vidare planlegging av tiltak på Rv.7 som hovudveg for reiseliv og persontrafikk i tråd med Stortingets vedtak.

Tilrådd konsept for ei slik utvikling er K2.

For styret

(sign.)

Anne Lise Bleie

-styreleiar-

Eidfjord Næringslag

Postadresse: Lægreidsvegen 32A, 5783 EIDFJORD Telefon: [+4795083433](tel:+4795083433)